



Møre og Romsdal
fylkeskommune

NVE
Postboks 5091 Majorstua, Norge
0301 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201907463-23		2020/6910 - 139467/2022	Håkon Slutaas, 71 28 03 52	26.10.2022

Innspel til høyring av revisjonsdokument for regulering av Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommunar, Møre og Romsdal

NVE har i brev av 25.05.2021 vedteke at vilkåra for Åmelavasdraget skal reviderast grunna krav om minstevassføring frå grunneigar- og elveeigarlag i Vanylven kommune. Tussa Energi AS har utarbeidd eit revisjonsdokument som no er på høyring. Dokumentet vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet har til formål å skaffe fram all informasjon som er relevant for å vurdere behovet for eventuelle skjerpa miljøkrav for reguleringa.

Nedslagsfeltet som konsesjonen for Åmela kraftverk gjeld, er ein del av vassområdet Søre Sunnmøre.

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit i Møre og Romsdal vassregion og vedtek regional vassforvaltningsplan. Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 vart godkjent i Fylkestinget i desember 2021, og av Kommunal- og distriktsdepartementet 31.10. 2022. Regional vassforvaltningsplan sett miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag, og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. For sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet i utgangspunktet godt økologisk potensial. Unntak frå miljømål blir også sett i plan. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre ei berekraftig forvaltning av vassressursane.

Vassforvaltningsplana skal leggast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29. Det skal som hovudregel ikkje gis løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Gjer sektormyndigheit løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må kommunen behandle tiltaket etter vassforskrifta § 12.

Åmelakonsesjonen har i rapport 49/2013, utarbeida av NVE og Miljødirektoratet fått 2.1-prioritering. Dvs. ikkje prioritert for tiltak som kan medføre krafttap. [Nasjonale føringar for vassforvaltninga](#) kom 19.03.2019, og dei viser til at det er dei [nasjonale føringane for vasskraft](#) gitt av Olje- og energidepartementet 24.1.2014 som gjeld. Føringane slår fast at det i utgangspunktet er 1.1-vassdrag som skal prioriterast for vasslepp. Føringane opnar likevel for at det kan gjerast andre prioriteringar basert på lokale prioriteringar.

I gjeldande regional vassforvaltningsplan er Åmelavassdraget ikkje prioritert for minstevassføring. Dette med bakgrunn i prioriteringa i rapport 49/2013. Det kom ikkje innspel om Åmelavassdraget i forarbeidet til plan, der det vart gjennomført eigne prosessar knytt til miljøambisjonar, miljømål og verdier i regulerte vassdrag i regionen. Vi ser no at grunnlaget for prioriteringane i rapport 49/2013 er mangelfullt. Rapporten har ikkje med Åheimselva og Norddalselva i vurderingane av vassdraget. Desse vassdraga, spesielt Åheimselva, har dei største biologiske verdiane, som elvemusling og anadrom fisk.

Åheimsvassdraget, med sine tre vassførekomstar delt inn i Åheimselva, 092-10-R, Gusdalsvatnet, 092-31078-L og Gusdalselva 092-27-R, oppnår ikkje god tilstand i dag grunna påverknad frå dagbrot og akvakultur. Påverknad frå kraft er ikkje vurdert i vann-nett.

Norrdalselva, 093-29-R, er i svært dårleg tilstand med bakgrunn av sjøaurebestand, der påverknad frå vasskraft er vurdert som lav.

I revisjonsdokumentet går det fram at hydrologiske flaskehalsar ikkje er vurdert for Åheimselva eller Norddalselva. Dette er etter vår oppfatning svært viktig å få på plass. Det overførte nedbørsfeltet svarar til cirka 19 prosent av det totale nedbørsfeltet knytt til Norddalselva, og i øvre delar av Norddalselva er vassføringsreduksjonen på cirka 49 prosent. Ved utløpet er reduksjonen i vassføring på cirka 20 prosent. I Åheimsvassdraget er fråføringa av vatn frå Kvanndalsvatnet cirka 8,5 prosent av det totale nedbørsfeltet til Åheimselva. Ved utgangspunkt i øvre del av anadrom strekning, utgjør fråføringa cirka 16 prosent av det totale nedbørsfeltet, medan den tilsvarende delen er 12 prosent ved Gusdalelvas utløp i Gusdalsvatnet. Den fråførte delen av nedbørsfeltet til vassdraget har vanlegvis meir nedbør. Dette feltet bidreg derfor med meir vatn per km². I Åheimselva er det laks, sjøaure, elvemusling og ål. I Norddalselva er det laks og sjøaure. Det er vurdert habitattiltak, men det er ikkje klart korleis redusert vassføring påverkar sedimentering, redusert gyting, innfrysing, fiskevandring, vinteroverleving og fiskebestandane. Ål og elvemusling må også inngå i desse vurderingane. Positive effektar av vasslepp kombinert med miljødesign må derfor utgreiast for desse vassdraga.

Det er stor variasjon mellom vassdrag for korleis fråføring av vatn påverkar økologien, som for eksempel tilhøve for anadrom fisk, ål og elvemusling. Det må gjerast ei individuell vurdering av dette i vassdraga knytt til Åmelakonsesjonen. Det er viktig å presisere at det er lite undersøkingar av påverknad frå vasskraft på desse vassdraga. Det er heller ikkje gjennomført ei vurdering av desse vassdraga i rapport 49/2013. Revisjonsdokumentet og dei utgreiingane som blir gjort her, blir spesielt sentrale når nye vilkår skal fastsettast. Når miljømål i regulerte vassdrag skal fastsettast etter vassforskrifta, må effekten reguleringa, inkludert redusert vassføring, har på økologien i vassdraget vere ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget. Effekten

av ei eventuell minstevassføring på økologien må utgreiast. Her bør fleire sleppscenario inngå, kombinert med habitattiltak og miljødesign. Kostnadane tiltaket utgjer i form av krafttap, om det kan gjennomførast økonomisk og teknisk, og om det går ut over den samfunnsnyttige bruken, må vidare inngå i vurderingsgrunnlaget. Dette er viktige interesser som kan gå mot kvarandre og som må vektast nøye, der lokale, regionale og nasjonale interesser inngår. Det er derfor viktig at kunnskapsgrunnlaget gir eit godt nok grunnlag for at lokal- og regionalpolitiske ledd, og sektorar som varetek nasjonale interesser, kan komme med innspel til høyringa. Nasjonale føringar for vasskraft viser også til at miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar skal fastsettast individuelt basert på samfunnsmessige fordelar og ulemper (kost/nytte) og på realistiske tiltak, dvs. positiv kost/nytte.

Vi vurderer at grunnlaget for å vurdere realistiske tiltak ikkje er til stade i revisjonsdokumentet. Dette er svært viktig å få på plass. Konkret meiner vi at hydrologiske flaskehalsar må utgreiast i Åheimsvassdraget, Norddalselva, Åmela og Stårheimselva. Miljøeffektar av forskjellige mengder vasslepp kombinert med habitattiltak (miljødesign) og kostnadane dette utgjer i form av krafttap må utgjere grunnlaget for vidare vurdering av konsesjonsvilkår. Desse utgreiingane bør også på ny høyring. Skal miljømål og tiltak fastsettast i tråd med vassforskrifta og nasjonale føringar, må dette på plass.

Oppsummering:

- Grunnlaget for prioritering av Åmelavassdraget i rapport 49/22013 og i Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 er feil. Åheimselva og Norddalselva har dei største biologiske verdiane i konsesjonen, og inngår ikkje i vurderingsgrunnlaget for prioritering i rapport eller plan.
- Det er ikkje gjennomført undersøkingar av korleis reguleringa påverkar Åheimsvassdraget og Norddalselva. Dette må inngå i kunnskapsgrunnlaget.
- Den økologiske effekten av redusert vassføring må utgreiast, der potensial for miljøeffektar av forskjellige mengder vasslepp i kombinasjon med gode habitattiltak inngår.
- Kostnadar i form av krafttap må gå fram av utgreiingane.
- Dette bør på ny høyring, slik at det er mogleg til å ta stilling til eventuelle miljøambisjonar for vassdraget

Med helsing

Birgit Aarønæs
seksjonsleiar marin og miljø

Håkon Slutaas
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur